

TANKAR FRÅ EIN SKULEVEG

Åse Eikemo Strømme

Der elva Ekso i Eksingedalen renn ut i fjorden ligg bygda Eidsland, med gardane Myster og Eide. Ute i Eidsfjorden ligg garden Brørvik, og ovanfor Mysterlia ligg garden Leiro. Om lag 2 km og 5 km oppover i Eksingedalen ligg gardane Eikefet og Eikemo. Desse gardane høyrde til Eidsfjord skulekrins, som i seinare tid har fått namnet Eidsland skulekrins. Den første tida gjekk omgangsskulen mellom desse gardane, men i 1899 stod skulehuset ferdig på Bråtet på Eide. Skuletomta var fråskilt bnr. 1, 2 og 3 og fekk bnr. 5, 6 og 7.

Dei to første skuleåra mine gjekk eg i dette skulehuset, og dei neste 5 åra gjekk eg i det nye skulehuset nede ved fjorden, som var ferdig til bruk hausten 1953. Eg hadde lært meg å sykla året før eg tok til på skulen, men eg var liten og lett, og sykkelen hennar mor var nok i største laget for meg. Eg nådde ikkje opp på setet, men trødde ståande på flatane, og sto på trøene og bremste i unnabakkane. Den brune skinnranselen min feste eg med reimar til bagasjebrettet. Det var tungt å trilla sykkelen opp alle dei tunge bakkane på heimvegen, og det første året sykla eg berre halvveges 2,5 km til Furukleiva og gjekk resten av vegen. På Furukleiva stod ein stor stein som vart kalla Hjertesteinen. Nokon hadde ein gong hogge inn eit hjarta med pil i steinen. Ved den store vegutvidinga på 1970-talet vart steinen skadd og nedøyrd i ura nedanfor vegen. Bakom denne steinen gøymde eg sykkelen min.

Eidsfjord skule var to-delt, med småskule og storskule, og me gjekk annankvar dag, tre dagar i veka. I småskulen var det 1. – 3., og i storskulen 4. – 7. klasse. Alt i det første skuleåret lærde me å kjenna kva dei hadde føre seg i 2. og 3. klasse. Endå meir la me vekt på dette når me kom i storskulen. Det var alltid så spanande å høyra på når læraren underviste eller spurde dei øvste klassane i lekser. Når me sjølve kom så langt, ja så hadde me på sidelinja vore igjennom dette før.

Skulen tok til kl. 9 om morgonane. Som oftaste sto eg tidleg opp. Det var å finna varmt vatn i vaskefatet og vaska andlet og hender, og kanskje greidde eg sjølv å knyta hårsløyfa. Ho mor var gått i floren, men hadde sett fram mat til bisk (frukost) på bordet. Eg smurde alltid nistematen min sjølv. Pålegget var som oftast brunost, kvitost eller brim. Det var stor stas om det ein hende gong var kjøpt fårepølsa til skulenista. Av og til var mor komen inn frå floren, slik at eg fekk nysila mjølk på mjølke-flaska, eller det hende at eg var innom floren til henne og ho mjølka direkte spenevarm mjølk på flaska mi. Eg tenkte ikkje så mykje på at det kunne lukta fjøs

av meg når eg kom på skulen. Eg trøysta meg vel med at det gjorde det av dei andre også som kom frå gardane kringom. Ho mor sytte alltid for at eg la fram skulekleda mine om kvelden. Ho var nøyen på at me skulle vera heile og reine i kleda. Om vinteren hadde me lange bukser utanpå strikkesokkane og ullunderbuksa. Sokkane var festa med gummistrikk, strømpestrikk, med knapphol i, som vart knappa på ein knapp på sokken og ein knappe oppe på "underlivet", som me hadde utanpå underskjorta og under blusen eller gensaren. Utanpåkleda var som oftaste sid regnkåpe, eller oljekåpe som me sa, og sydvest. Veret var ustabilt då som no.

Om vinteren måtte eg starta heimanfrå kl. 07.30 eller kl. 08.00. Når vegen var tåen og eg sykla, nådde eg skulen på vel halvtimen. Om eg gjekk etter tåen veg brukte eg ein time, og i snøføre måtte eg rekna med 1,5 time. Eg gjekk ut før brøytebilen kom. Det kunne ha falle mykje snø om natta. Brøytebilen kom som oftaste i mot meg på Furekleiva, eller stundom ikkje før eg var komen på Tjødnakleiva. Det vart ikkje brøytt med tanke på at her for eit par små skuleborn etter vegen og stampa i tung snø. Det viktigaste var å brøyta opp vegen før varebilen skulle opp gjennom dalen med post og vara tidleg på føremiddagen.

Eg hugsar ein gong, - det var vel andre skuleåret mitt, - då kom eg ein time for seint. Det hadde snøa tungt om natta, og eg prøvde å trø i gang sykkel, som stod i vareskuret borte ved Eikemobrua, men det nytta ikkje. Den vesle jenta streva seg av gårde i snø midt opp på leggen, og gummistøvlane vart fulle av snø. Den dagen kom heller ikkje brøytebilen til vanleg tid, og eg kom ein time for seint. Eg kjenner endå skamkjensla eg hadde inni meg då eg stille tusla inn i den varme skulestova på Bråtet, - og der hine snudde seg mot meg og stirde på meg. Den snille læraren min var den som skjønna situasjonen. Han hjelpte meg på plass med ranselen, og spurde om eg var våt på føtene. Han tok av meg dei våte gummistøvlane og hengde leistane og sokkane mine opp til tørk på skjermbrettet. Eg hugsar ikkje meir frå den skuledagen. Støvlane var nok turre til eg skulle heim, og det same var nok sokkane. Truleg fekk eg låna eit par sokkar hjå kona hans, og sat nok inne i skulestova medan dei andre var utanfor og hadde snøballkrig i friminutta den dagen. Eg hugsar berre at eg gret ikkje den gongen. Ein var opplært til å ikkje gråta over vanskaner som oppsto, men å stå på og finna ei løysing i motgangen.

Einaste gongen eg minnest at gråten tok meg på skulevegen, var ein sein og regntung haustkveld. Me hadde vore til Stamnes til tannlækjaren. Desse turane til tannlækjarkontoret i bankbygningen på Stamnes er ei søge for seg sjølv. No var eg komen til Eidsland att med sein ettermiddagsbuss. Dei andre fekk glade og nøgde gå heim til seg. Eg måtte på Bråtet til skulehuset og henta sykkel min. Svolten var eg, og trøyt var den vesle jenta på 8 år etter ein skrekkens dag i tannlækjarstolen. Framfor meg låg 5 km med tunge bakkar og vind med sidetungt regn. Mørkret var byrja siga på. Eg skuva sykkel min av gårde, men gråten tok meg då eg kom på Tjødnakleiva. Alt var berre vondt, og eg var så åleine. På flatane trødde eg og sykla det eg vann, medan eg gret høgt. Snør og tårer rann

under sydvesten og ned på regnfrakken. Med handbaken på vottane mine tørka eg bort det meste. Då kom far syklande til møtes med meg. Dei måtte sjå etter meg. Å kor flau eg var då han spurde kvifor eg gret, og om tannlækjaren hadde vore fæl med meg i dag. Eg ville ikkje visa kor sårbar eg var. Men han skjønna det nok så vel kor eg hadde streva, utan at han sa noko meir.

Om vinteren ved store snøfall kunne det henda at han far spende hesten for sleden og kørde meg så langt at me møtte brøytebilen. Då hadde han ikkje tid lenger. Han hadde så mykje på seg heime i floren og i skogen som skulle takast hånd om vintersdag. På ruskeversdagar heldt han seg i kjellaren og snikra på eit eller anna som det var bruk for innom- eller utomhus.

Det var ikkje ufårleg å ferdast på vegen mellom Eikemo og Eidsland. Det var store bekker og elvafylla, og det hende at det gjekk snørás i bekkane eller dei små elvane som kom ned langs vegen. Eg minnest så vel den vinteren eg kunne vera 10 eller 11 år. Eg var på veg heimatt frå skulen. Då eg var komen ned brekko i Svingane og skulle ta til på bakkane i Fetstigane, møtte eg vatnet. Der stod det ei djup tjørn. Eg vassa til skrevs i vatnet og stødde meg på sykkelen. Vegbana var isete og glatt. Det hadde gått ras i bekken ved Ljoseberghelleren, og no fløynde vatnet nedover vegen i bakkane til møtes med meg. Eg kom meg forbi rasstaden. Hadde ikkje vet til å snu nedatt til Eidsland og få hjelp derifrå. Her var det berre å koma seg vidare på sykkelen heimatt til mor og far. Ingen flaum skulle hindra meg i det. Far kom meg til møtes ved Eikemo-saga. Han hadde sett at det var fåre for at bekkane no kunne rasa. Me vart baa glade då me såg kvarandre, og han skrytte og tykte at eg hadde vore dyktig som hadde teke meg fram gjennom bekke-raset. Kva han sjølv tenkte inni seg, kom eg aldri seinare til å spørja han om. Me var så vidt komne inn i den gode varme stova heime, då storskreda kom. Det var Kvednabekken som rasa. Skreda fylte heile vegsida midt for Eikemo-vatnet, og gjekk langt utover vatnet. Vegen var stengt i fleire dagar etterpå. Det vart ikkje snakka så mykje meir om kor heldig eg var som hadde kome meg heim før skreda kom. Det var der og då, og så gjekk livet og vinteren vidare. Det var å koma seg på skulen att så snart skreda var spadd igjennom og vegen atter var farbar.

Vegen skifta med årstida. Det var lett å koma seg nedover, og tyngre heimatt. I fine vintersdagar kunne det vera godt brøyta og hardfrosen veg, og til andre tider speilblank hålka. Det var grusveg med vårbløyte, som var hardfrosen om morgonen med store vasspyttar i holene, men reine potåkeren heimatt i vårsola. Det var seinare om våren turr og fin grusveg, med lukt av nysprotte lauv av bjørk og raun og turr furuskog. Det var like eins turt og godt om hausten med lukt av halvrate gras og lauv langs vegen og milde vindar.

I 3. klasse fekk eg fylgje med han Oddvar, som kom over elva på hengjebraua frå bruket Løland på Eikefet. Han kom opp i vegen ved "Postkassen hans Leif". Me hadde fylgje til skulen det første skuleåret hans. Så kom eg i storskulen, og me møttest ikkje att på skulevegen før eg var komen i 6. klasse. Det første året gjekk han. Han var tidlegere ute enn eg. Av og til nådde eg han att, og gjekk kanskje av sykkelen og slo fylgje med han. Som oftaste hadde eg fylgje med han opp att



Tunet på Eide, skulehuset i bakgrunnen. Tunet er i dag vekke på grunn av uttak av sand frå sandtaket. Postkort utlånt av Åse Eikemo Strømme.

gjennom dei tunge bakkane heimatt, der det var for tungt å sykla, eller eg sykla seint og han sprang etter. Om våren så hefte me oss bort ved paddetjørnene på Tjødnakleiva. Der var det eit yrande liv med padde og padde-egg. Eg kjenner endå følelsen i hendene med tanken på å rota i og bæra på store klumpar med "paddegrottel", som me la utover skorva. Lite tenkte me vel på at her greip me inn i livet og fornyelsen i padde-tjørna.

Oppe i Fetstigane like ovanom Kalvahjedlen budde ho Anna og han Ivar Grønhaug. Her hadde dei bygt seg ein heim som dei kalla for Svaton. Før dei kom hit hadde dei vore busette i Amerika. Ivar arbeidde på Eidsfjord Møbelfabrikk. Som attåtarbeid dreiv han med vadmålsstamping til kring 1950. (Sjå Vaksdal bygdebok III s. 183.) Om vinteren gjekk han Ivar som oftaste til arbeidet sitt på fabrikk. Eg minnst dette så godt, for eg kunne fylgja fara hans dersom brøytebilen endå ikkje var komen. Eg kunne også møta han på heimveg. Han likte godt å snakka med borna, og dei første engelske orda mine lærde eg av han. Han lærde meg å telja til ti, og sa ofte My Goodness, my goodness, som han forklara tydde "trøyste og bære meg". Han kunne mange viser, som han sidan skreiv ned teksten på og kom heim til oss med. Det var visa på 100 vers, som er nokså enkel, det var visa om katten på gjølselhaugen, om Kolafanten, og ikkje minst Amerikavisa. Han lærde oss tonane på desse. Serleg glad var han i den siste, som byrjar slik: "Tidleg på vinteren straks etter julen ser man den feber seg ytre så smått", og kvart vers

endar slik: "å reise bort fra sitt fedrende land". Han smilte godt når han sat heima i stova hjå oss, og systra mi spelte gitar og song desse visene for han. Eg minnest også at eg av og til på varme dagar gjekk bort til ho Grønhaug-Anna og ba om drikke. Då kom ho ut med ei mugge med blåbærssaft til meg. Mugga var høg, og utanpå var det ein flott påfugl i fine fargar som sat på ei grein. Har aldri sett att ei slik mugge seinare. Ho Anna vart blind på sine eldre dagar, og levde nok eit trist liv den siste tida ho var i bygda.

Det gamle skulehuset som stod på Bråtet hadde same skipnaden som skulehuset på Straume, som no er skulemuseum. Kleda våre hengde me på knaggar ute under overbygget før me gjekk inn. Det var berre ei skulestove med skulehuslem ovanpå, der det til sine tider på året vart undervist i handarbeid. Skulestova var på høgre sida, og på venstre sida var det lærarbustad. Eg hugsar ikkje om det var drikkefontene inne, eller om me hadde vassbytte og vassause. Der var ein stor svart omn som vart fyrt i, så det var varmt og godt om morgonane, om det trongst. Det stod eit svart skjerm Brett framfor denne. Elles var skulestova mykje godt innreia slik som ein no finn det på skulemuseet på Straume. Ute var det leikeplass og utedo for gut og jente. Der var også vedaskykkja. På leikeplassen spelte me ball, som kunne vera Dødball eller Langball. Seinare vart det også Kanonball. Stundom hadde jentene songleikar. Dette kunne vera: "Det kom en pike gående", "Ta den ring og la den vandre", "Slå på ringen" eller "Alle mine barn kom hjem og spis". Den siste var også gutane med på.

Det var Arnljot Lillejord som var læraren vår. Så lenge eg gjekk i folkeskulen var han åleine lærar ved skulen. I tillegg hadde kona hans timar med jentene i handarbeid, eller det hende det kom ei handarbeidslærarinne utanfrå. Han kom til Eidsfjord skule om lag 1950. Før hans tid hadde Samuel Dale vore lærar ein del år. No var han flytta til Dale skule. Lillejorden var ein flink og snill lærar, og me hadde respekt for han. I songtimane spelte han fele. Vart han opprørt over noko, ja så small av og til felebogen i kateteret, eller helst var det peikestokken som råka kateteret, og me sat alle som kveikte ljøs. Det gnatt ikkje i nokon når desse slaga small. Her måtte det fylgjast med, – ikkje noko unnansluntring i timane. Han lærde oss mange kjende og kjære songar, som sit fast i minnet den dag i dag. Ein ferie hadde han vore i Valdres og vorte kjend med visene til Anders Underdal. Den hausten song me mykje "I Valdres, i Valdres har eg heimen".

Det store som skjedde utanom skulen i det gamle skulehuset, var den dagen læraren og kona fekk seg ei lita jente. Dei budde i lærarbustaden som var i skulehuset, og det kom liksom ei ny lukt i gangen då dei var komne heim med den nyfødde. Me jentungane trippa på tærene og fekk titta opp i barnevogna og sjå vidunderet, som var pynta i kapper og tyll. Av og til fekk me kanskje rugga litt på vogna. Så var det å reisa heimatt og ta fram filledokkene med påsydd celluloidhovud, og trygla mor om å få låna dei avlagte barneskjortene etter veslesystema mi. Her var det kome noko nytt inn i leiken. Eg hadde då sett ein nyfødd baby – ei ord som etter kvart kom inn i språket vårt. Nokolunde på same tid vart det fødd tvillingar på gardsbruket som låg næraste skulen, og det blaffra i

lange bleiesnorer. Då vart dokkene mine likt kledde, og lagde tett i tett i dokkevogga, som bror min hadde snikra saman til meg.

Ein haustdag, det var 27. oktober 1953, står som spikra fast i minna mine frå skulevegen. Eg kjenner endå den gode gleda inne i meg då eg ba læraren om å få fri etter middagspausen, og han sa ja. Eg skulle i 80-årsdagen til ho bestemor på Høvik. Eg snørde ranselen på sykkelen, og trødde glad i sinnet heimover. Det anga rote lauv i lufta. I Vikane ved Eikemo-saga bivra og rasla det i fallande eikelauv, og den låge haustsola skein meg i ryggen. Eg var fri før dei andre på skulen, og det store gjestebodet venta meg oppe hjå ho bestemor.

Då det nye skulehuset stod ferdig til innflytting hausten 1953 opna det seg ei ny verd for oss. No kom me ned til sjøen der butikkane var, og der sandskøytene og dampen dunka på fjorden. I nye-skulen var det to klasserom og gymnastikksal med avkledningsrom og dusjar. I tillegg var det sløydsal, lærarværelse og bibliotek. Det lukta nytt treverk og måling heile det første året. Kleda våre fekk me no hengja frå oss innandørs utanfor klasserommet.

Det store friminuttet varde lenge. Då åt me nista vår. Borna som budde nære ved kunne gå heim og eta middag. Læraren åt nista si saman med oss, og etterpå gjekk han heim, og me vart overletne til oss sjølve. Meininga var nok at me skulle vera på leikeplassen og spela ball. Men det var ikkje alle som gjorde det, nei. Gutane var borte på sandkaaien. Dei sputta i sjøen og var store karar, og pratte med karane på sandskøytene som låg ved sandkaaien og lasta singel og sand. Dunk – dunk, hørde me frå dei både inne og ute i friminutta. Som oftaste var eg med dei som gjekk bort på butikken hans Halvdan Eikefet for å snopa oss ein dollarkaramell til 10 øre, om me var så heldige å ha fått ein som brann i lomma. Herlegheita låg i snopskåpet på disken, eit glasskåp med glashyller inni. Han Halvdan var handelsmann. Kona hans, ho Kaia, styrde telegrafstasjonen ovanpå i andre høgda i huset deira. Det var mykje spanande i hyllene hjå han. Det var assortert landhandel, med mat og kjørel i hyllene. Her kunne ein kjøpa fine kaffisett, skåler og mugger, gummistøvlar, spasersko og skyggehuer. Her var sykkeldekk og slangar, vaskefat, pottar og toalettbytter. Sjølv om han hadde mykje å gjera, hadde han alltid tid til oss borna. Han lika å prata og skrøna med oss. Her fekk me høyra soger og segner og gamle viser.

"Då kan du veta at me vart so glad, dafø me gjekk i Søthole stad. Og dar hjå Gamlo sjøl, me fekk so mykje øl, han Olaus øve troppo ramla."

Jau, dette var noko å syngja på medan sykkelen vart trødd langs Eikemo-vatnet ein fin haustdag på veg heim etter ein morosam skuledag. Det var så mykje ein kunne tenkja på medan eg for der einsam på skulevegen. Eg tenkte ut kva eg skulle skriva om i stiloppgåvene me hadde fått, eller eg kunne seia fram for meg sjølv det eg hadde pugga av salmevers og bibelsoge, eller namna på vassdraget i Gudbrandsdalslågen. Praktisk rekning likte eg godt. Like eins saga, særleg om dei gamle norske kongane. Den sommaren eg var 11 år gjorde eg avtale med læraren om å få låna Snorre med meg heim i skuleferien.. Der var det drama og eventyr. Det var alltid kjekt å koma heimatt dei dagane me hadde fått låna nye bøker i

skulebiblioteket. Då var eg ikkje snakkandes til om kvelden. Ljoset vart sløkt, og av og til skrudde far ljospæra or taket for at eg ikkje skulle lesa på senga. Det han ikkje visste, var at eg hadde sikra meg med ei lommelykt – og i skinet frå den las eg til søvnen kom sigande. Det var om Otto Sølvhand, Den løyndomsfulle øya, Gjenta frå landevegen, Borna i Nyskogen, og mange, mange fleire.

Slik gjekk skuleåra mine ved Eidsfjord skule. Eit par år etter at eg var slutta i folkeskulen vart det skuleskyss for borna frå Eikemo og Eikefet, og seinare for borna frå Høvik-krinsen, som kom inn i Vaksdal kommune ved kommunesamanslåinga 1964. Den kringen hadde tidlegare høyrte til Modalen kommune.